

ÅRSMØTE I OSLOFJORD TRIATLON – 29. FEBRUAR 2008

Møteleiar: Trine Kirkhus
Referent: Dagfinn Sjaastad Karlsen

OPNING OG GODKJENNING AV INNKALLINGA

Leiar av Oslofjord triaton Bent Olav Olsen ønskte alle velkommen til årsmøtet. Innkallinga til årsmøtet vart godkjent. Årsmøtet godkjende dagsorden. Ingen hadde andre saker å melda enn dei som stod på dagsorden.

ÅRSMELDING FOR 2007

Leiaren gjekk igjennom årsmeldinga frå styret. Sjølv etter ei sanering av medlemslistene har medlemstalet i klubben gått opp. Vi er 96 menn og 39 kvinner. Alle er registrerte som aktive, dvs. at alle har aktivitet som arrangørar og/eller deltakarar i triatlon. Styret melder at det kan vera vanskeleg å skaffa sponsorar. Forsamlinga tok årsmeldinga til etterretning.

REKNESKAP FOR 2007

Rekneskapa for 2007 vart lagt fram og godkjent. Klubben har trygg økonomi. Draktlageret taper seg i verdi over tid. Kasserar Ellen Wold opplyste at ho vurderer om avskrivninga bør bokførast på ein annan måte neste år. Inntektene frå triatloncupen på Bogstad går rett til Include Africa – utan å gå vegen om klubbkassa. I 2007 gjekk halvparten av overskotet frå Stavern-helga til Include Africa. Styret legg opp til at det same kan skje i 2008.

MEDLEMSKONTINGENT OG BUDSJETT FOR 2008

Styret foreslo å vidareføra medlemskontingenten på kr 200 også i 2008. Forslaget vart vedtatt.

Budsjettforslaget for 2008 vart godkjent.

VAL AV PERSONAR TIL STYRET OG ANDRE VERV

Samansetning av styret vart foreslått og vedtatt slik:

Bent Olav Olsen, leiar
Adeleid Haugen, nestleiar
Trine Kirkhus, styremedlem
Morten Dahl Hermansen, styremedlem
Per Jørgen Walstrøm, varamedlem
Richard Merlid, varamedlem

Ellen Wold held fram som kasserar. Klubbleiaren orienterte om sitt private kjennskap til revisorane Jakob Linhave og Øivind Larsen. Årsmøtet såg ikkje habiliteten som noko problem. Linhave og Larsen held fram som revisorar.

Valkomité:

Dagfinn Sjaastad Karlsen
Kaja Høvding Davidsen
Håkon Sagberg
Joachim Dahl Wokstad Skjelsberg (vara)

Årsmøtet gav styret i oppgåve å peika ut representantar til aktuelle forbund og ting. Klubben vil ikkje vera representert på triatlonforbundets ting i 2008.